

Intimkonsert med Åsmund Nesse og vener

Førstkamande søndag blir det intimkonsert i Moster Amfi med Åsmund Nesse og band. Nesse har gjort seg kjent som ein songskrivar og spelmann frå Bømlo. Som utøvar og songskrivar er han planta i ein tradisjon av folk-, visepop- og americana-musikk.

Han skriv det meste av musikken og tekstane sjølv, frå vakre melodiske balladar til det spontane og forry-

kande, alt med ein ekte og livgjevande vestlandsk vind som drivkraft.

Åsmund Nesse sitt debutalbum «Lysning» vart utgjeve 28. november 2015 på vinyl og CD. Albumet er spela inn i NRK Rogaland og Studio Ø på Bømlo. Nesse sitt første soloalbum inneheld 11 spor, alle framført på bømliadialekt og produsert i tospann med Hans-Olav Molde.

På konserten vil Åsmund og presentera nye låtar frå katalogen sin, førebels ikkje utgjeve. Medverkande er: Åsmund Nesse (vokal, akk. gitar, munnspele), Gunvald Hagen (piano/orgel), Hans-Olav Molde (trommer), Frode Kvandal (bass) og Ingrid Mjanger Molde (kor, tamburin).

Åsmund Nesse med band held snart intimkonsert i Moster Amfi. Foto: Nils-Tore Sele



Naboane stakk av med sigeren



Aspirantane gjorde ein formidabel jobb under festkonserten.

Seks skulekorps stilte til start på Bømloblåsen laurdag, og alle gjorde ein kjempeinnsats. Det var Stord skulekorps som til slutt jubla mest.

Brn Stine R. Rørвик

– Det har vore eit veldig bra arrangement til no, seier leiar i Bømlo janitsjar, Einar Gjerdevik.

I tillegg til tevlinga for skulekorpsa var det «samspeleseminar» for dei yngste. Det heile vart avslutta med ein flott festkonsert med Bømlo Janitsjar og premieutdeling.

Noko for alle

Det var eit eige seminar for juniorar og aspirantar på Brennes ungdomsskule. Der øvde dei inn to nummer som dei seinare framførte under festkonserten i lag med Bømlo Janitsjar.

Dei to aspirantane Nina og

Lasse frå Meling Skulekorps synest det var gøy å lære ny korpsmusikk.

– Me har hatt det kjempegøy, seier dei til Bømlo-nytt.

Jamn tevling

Dei som deltok i korpstevlinga i Bømlo Kulturhus var Sveio/Førde skulekorps, Bømlo samarbeidskorps, Langeland skulekorps, Stord skulekorps, Moster Skulekorps og Hillestveit/Våge Samarbeidskorps.

Alle leverte gode presta-

sjonar og korpsa imponerte publikumarane som var i salen. Men det var berre plass til eitt korps øvst på pallen.

Dommarane i tevlinga, Linda Saglien Svensen og Per Kristian Svensen, hadde ei vanskeleg oppgåve med å kåra vinnaren.

Totalt kunne korpsa oppnå 110 poeng, men det var ingen som klarte full pott.

Bømlo nest best

Stord Skulekorps vann tevlinga med 95 poeng, to poeng

føre Bømlo Samarbeidskorps. På ein fin tredjeplass kom Moster skulekorps.

Vidare nedover lista kom Førde/Sveio skulekorps, Langeland skulekorps og Våge Hillestveit samarbeidskorps.

Solistprisen gjekk til Eline Pedersen Nonås, som spelar i Langeland skulekorps. Ho var kornettsolist på Domen av Jan Magne Førde.

Festkonsert

Til slutt var det Bømlo Janitsjar sin tur til å imponera ein nesten fullsett sal med framføring av flotte musikkstykke. Blant anna fekk publikum høyre «Song from a Secret Garden» av den norske komponisten, Rolf Løvland. Her var Anna Birgitte Solberg Høyland og Ingrid Løkingholm Eng solistar på høvesvis kornett og euphonium. Ein fin konsert på alle måtar.



Stord var nøgd med å ta med seg heim vandrekalen i år òg.



God oppmøte under festkonserten til Bømlo Blåsen.